



Revisjonsrapport

Rapport	
Rapporttittel Gassled - tilsyn med prosjektstyring, inkludert endringsstyring Silex Gas Norway AS	Aktivitetsnummer 003000014
Gradering	
<input checked="" type="checkbox"/> Offentlig	<input type="checkbox"/> Begrenset
<input type="checkbox"/> Unntatt offentlighet	<input type="checkbox"/> Fortrolig
<input type="checkbox"/> Strengt fortrolig	
Involverte	
Hovedgruppe T-L	Oppgaveleder Trond E. Sundby
Deltakere i revisjonslaget Bryn A. Kalberg, Kjell-Gunnar Dørum, Bjørn Andreas Hansson, Trond E. Sundby, Kjell A. Anfinsen	Dato 14.6.2013

1 Innleiing

Petroleumstilsynet (Ptil) gjennomførte den 15. mai 2013 ein tilsynsaktivitet med Silex Gas Norway AS si prosjektstyring inkludert endringsstyring i Gassled. Tilsynsaktiviteten vart gjennomført i form av eit møte med Silex i Stavanger.

2 Bakgrunn

Tilsynsaktiviteten er knytt til vår hovudprioritering *leiing og storlykkesrisiko*, der vi har sett på samanhengen mellom leiing og risiko for storulykker og korleis Gassled og enkeltsekskap i Gassled jobbar med dette.

Gasstransportnettet i Norge og frå norsk sokkel inkludert terminalar er av stor strategisk betydning med ei rekke viktige langsiktige beslutningar og prosjekt som inneber samtidig drift og modifikasjon, det er mange involverte partar og det har vore større endringar i aktørbildet i Gassled dei siste åra.

3 Mål

I tilsynsaktiviteten la vi vekt på å følgje opp selskapet si eiga vurdering av det som angår styring av storulykkesrisiko. Dette omfattar blant anna vurdering av:

- Konsistens mellom selskapet sine mål og strategiar og eksponering for storulykkesrisiko,
- Selskapet sitt eige behov for risikostyring
- Selskapet sine eigenevalueringar
- Selskapet sine sjølvdefinerte forbetningsprosessar

4 Resultat

I varselet til tilsynsaktiviteten stilte vi spørsmål om korleis leiinga i Silex jobbar målretta med å redusere storulykkesrisiko og demonstrerer at selskapet på selskapsnivå:

- *får fram og vurderer relevant kunnskap om selskapet si sårbarheit i forhold til storulykker, og tar dette i bruk i strategiske val, planar og beslutningar i selskapsleiinga;*
- *gjer ansvarleg den enkelte i selskapsleiinga og selskapsleiinga som fellesskap i forhold til leiaroppgåvene si tyding for storulykkerisiko*
- *tek beslutningar som, enkeltvis og samla, ikkje går på bekostning av selskapet sitt mål om lavast muleg storulykkesrisiko;*
- *forsikrar seg om at selskapsleiinga si merksemd mot å redusere storulykkerisiko, får tilsikta effekt;*
- *legg til rette for og følgjer opp kapasitet og kompetanse i organisasjonen med omsyn til å håndtere risiko for storulykker;*
- *nyttar erfaringar til læring frå alvorlige hendingar*

Spørsmåla vart besvarte med dokumentasjon sendt over i forkant av møte, presentasjonar og gjennom spørsmål og diskusjonar i møtet. Silex viste at dei har etablert formelle prosessar for styring av prosjekt, risiko, endringar, storulykke og kapasitet og kompetanse. Det vart og vist til avtalar mellom Gassco og eigarane korleis ansvarsdelinga er.

Silex tok over Total sin eigardel i Gassled og gjorde i forkant av overtakinga ei vurdering av ressursar Total hadde nytta i si oppfølging i tillegg til at dei og vurderte andre eigarar si bemanning i høve til oppfølging av sine eigardeler. Silex har og før dei kom inn som eigar i Gassled vore gjenstnad for ei kvalifisering som retighetshavar / eigar på norsk sokkel der Ptil tidlegare har vurdert det som berører helse, miljø og sikkerheit (HMS).

Det ein hadde planlagt og som vart presentert i den fasen er implementert med nokre nødvendige mindre endringar. Ein har og etablert avtalar med faste konsulentar som ein kan nytte ved behov.

Selskapet har etablert eit omfattande system for styring og oppfølging av sine aktivitetar knytt til sitt eigarskap i Gassled. Som ny eigar jobbar ein framleis aktivt med å sikre rett nivå på påvirkinga i Gassled der målet er å utfordre operatøren Gassco (og dei andre eigarane) i forhold til målsettinga om å halde eit høgt nivå for helse, miljø, sikkerheit og beredskap og gjennom dette også bidra til å skape størst muleg verdiar for samfunnet.

Gjennom eigarskapsavtalen så har ein definert samhandling og ansvar. Det er og sentralt som eigar at ein gir operatøren rom for og ansvar til å styre innanfor dei rammene avtalen definerer.

Silex har gjort strategiske val i høve til bemanning i selskapet og enda opp med ei gruppe med lang erfaring frå petroleumssektoren. I tillegg har selskapet ei kontinuerlig vurdering av påserollen sin.

Møter er ein sentral arena for oppfølging og utøving av sitt eigarskap kombinert med ei aktiv oppfølging av informasjon på License2Share. Det er og etablert formelt samarbeid med dei andre eigarane som ikkje er skiparar og ein deltek blant anna i Infrastructure Advisory Board (IAB) og Independent Project Reviews (IPR) der ein og møter skiparar.

Som eigar er Silex med og påvirkar riskiovrøderingar og prioriteringar i Gassled. Gjennom presentasjonar av risikomatrizer såg vi ein samanheng mellom Gassco/Gassled sitt risikobilete og Silex sitt risikobilete samtidig som ulikheiter vart forklart. Storulykke har høgt fokus i Gassled og i Silex og dette er ein av fleire tema ein rapporterer på til sitt styre og sine eigarar. Konkrete eksempel vart presenterte og ein viste til Gassled sine ytelsesindikatorar (KPIar) og systemet for barriere KPIar i tillegg til Silex sine egne interne KPIar.

Gjennom sitt eigarskap har Silex vore med og teke initiativ til ein oppfølgingsaktivitet mot Gassco i løpet av 2013 der ein leiger inn ein konsulent for å vurdere korleis Gassco utøver si rolle som operatør. I tillegg deltek dei på monitoreringsaktivitetar i samarbeid med Gassco og dei andre eigarane og det er etablert ein monitoreringsplan i Gassled med involvering frå eigarar.

Det vart og forklart kva system Silex har etablert for læring og erfaringsdeling og dete vart gjeve eksempel på konkrete innspel frå Silex til Gassled.

5 Deltakarar frå Petroleumstilsynet

Bjørn Andreas Hansson, HMS styring
Bryn A. Kalberg, Logistikk og beredskap
Kjell-Gunnar Dørum, Prosessintegritet
Kjell A. Anfinsen, Konstruksjonssikkerheit
Trond E. Sundby, Konstruksjonssikkerheit (oppgåveleiar)

6 Dokument

Følgjande dokument vart nytta under planlegging og gjennomføring av aktiviteten:

1. Presentasjon i møte i henhold til agenda 15.5.2013
2. Presentasjonar, dokumentasjon og møtereferat etter møter 25.1.2013 med Gassco og møte 1.2.2013 med eigarane i Gassled

Vedlegg A

Oversikt over deltakarar frå Silex.